

# Årsmelding 2014

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På noen punkt er likevel årsmeldinga utfyllande i forhold til resultatrapporten. Resultatrapporten og årsmeldinga viser at vi har høg grad av måloppnåing i forhold til vedtatt handlingsprogram og årsplan. På noen område har vi oppnådd svært gode resultat.

Noen av høgdepunkta i arbeidsåret 2014 har vore desse:

- ✓ *Etter å ha arbeidd med sikring, ordning og formidling av dei store industristadarkiva i Sauda sidan 1989 har det kome ein ny giv i arbeidet, og styret for lokalarkivet ber nå om at arkivet blir ein del av Ryfylkemuseet gjennom ein formalisert avtale om konsolidering.*
- ✓ *I arbeidet med bygningsvernet har vi lagt stor vekt på å utvikle ein tradisjonsbunden og berekraftig arbeidsmåte. Dette gjorde at vi såg på utvegen til ei sterkare markering av ein miljøprofil. Gjennom ein prosess har vi gått gjennom alle sider ved verksemda, og kunne 18. juni motta godkjenning som «Miljøfyrtårn». Diplom blei overrekt ved ei tilstelling på Røynevarden 15. september.*
- ✓ *Det er gjennomført eigarskifte for «Suldalsdampen». Overføringa av ansvaret til museet betyr ein betydeleg og utfordrande tilvekst til samlingane, men vi er i ferd med å få på plass avtalar og finansiering som vonleg skal sikre båten ein trygg plass på land til planlegging og finansiering av nødvendig restaurering er på plass.*
- ✓ *Vi har halde fram med eit systematisk arbeid med katalogisering og digitalisering av fotosamlinga, og nye bilde er lagt ut på «Digitalt museum». Ved halvårsskiftet hadde talet på publiserte bilde kome opp i 7.400.*
- ✓ *Det siste av tre band Jelsa-soga blei overlevert oppdragsgjevaren, Suldal kommune, i juni. Med dette har vi produsert 6.150 sider lokalhistorie fordelt på 9 band. Bygdebokprosjektet går nå inn i sitt 29. år, og er med det eit lokalhistorisk forskingsprosjekt av uvanleg omfang.*
- ✓ *Det har vore gjennomført eit ambisiøst sommarprogram med opning av ny utstilling på Kolbeinstveit, faste opningstider ved ei rekke av anlegga våre, og ulike arrangement, aktivitets- og familiedagar gjennom heile sommaren. Formidlarane våre har strekt seg så langt som det er rimeleg å vente, men vi har dessverre ikkje fått den uttellinga i publikumsvekst som vi hadde håpt. Kanskje har veret vore for fint denne sommaren?*
- ✓ *Det er særleg gledeleg at vi har lukkast med å få til eit betre tilbod til barn og unge, der vi har brukt store ressursar på å utvikle undervisningsopplegg og opne museet i skuleferiane og ein del laurdagar i vintersesongen.*
- ✓ *Vi har også i år produsert ei ny utstilling, ei utstilling om krossåkle som bli vist på Kolbeinstveit i sommarsesongen.*

- ✓ *Viga-tunet kunne gjenopnast med sterkt nærvær av sjølvaste fylkesordføraren rett før sommaren. Restaureringsprosjektet er det mest omfattande som har vore gjennomført i soga til museet, men framstår som eit svært vellukka tiltak, der vi, ikkje minst, har lukkast med å hente fram, dokumentere og vidareføre tradisjonskunnskap som var i ferd med å gå tapt.*
- ✓ *Arrangementet «Internasjonale kafé» kunne markere 10 års drift hausten 2014. Gjennom dette arrangementet har museet etablert seg som ein viktig møtestad for nye nordmenn og mellom desse og etniske nordmenn.*
- ✓ *Museet har styrka rolla si som eit senter for bygningsvern, der vi nå blir invitert med på både nasjonale og internasjonale samarbeidsprosjekt for utvikling og formidling av tradisjonskunnskap og metodar for dokumentasjon av vernearbeidet.*
- ✓ *Alt lydmateriale i folkemusikksamlinga er nå ferdig digitalisert. Dette betyr at vi både har sikra materialet betre, og lagt til rette for formidling.*
- ✓ *Med grunnlag i arbeidet med bygningsvernet og folkemusikkarkivet har vi tatt initiativ til å styrke både kompetanse og kapasitet i arbeidet med det immaterielle kulturvernet. Ein lekk i dette arbeidet er eit lite utvekslingsprogram med museet Staro Selo i Sirogojno, Serbia, der ein har kome langt på dette arbeidsområdet.*

# 1 ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølvveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

## VENNEFOREININGAR

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 349 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Det var 6 fleire enn året før, og det er første gongen på fleire år at vi har registret vekst i medlemstalet. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2013	2014
Forsand	1	1
Strand	15	17
Hjelmeland	37	37
Suldal	116	119
Sauda	35	33
Finnøy	28	25
Rennesøy	27	25
Kvitsøy	4	3
Andre	80	89
<b>SUM</b>	<b>343</b>	<b>349</b>

Det blei halde årsmøte for medlemmane på Sand 4. mars. Etter årsmøtet blei dei frammøtte orienterte om verksemda ved museet og det var omvising i utstillinga «Mitt Ryfylke».

I styret for venneforeininga sit Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal er varafolk.

Venneforeininga er medlem i Forbundet for norske museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det eit museumslag i Sauda, og ei sjølvstendige venneforeining for ”Brødrene af Sand”. Foreininga «Suldalsdampen», som har ått og drive M/S Suldal fram til museet overtok ansvaret for båten er blitt omdanna til venneforeining. Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

## STYRET

Styret har 13 medlemmar. Desse har sitte i styret i 2014:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terjer Hidle, Finnøy (leiar)  
Kristoffer Nødland, Sauda

Vara: Audun Rake  
Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Tore Hans Mikkelsen, Forsand  
Lars Fossåskaret, Strand  
Morten Hetland, Hjelmeland  
Tormod Skeie, Suldal  
Wenche Pleym, Sauda  
Rasmus Hidle, Finnøy  
Tina Nådland, Rennesøy  
Mirjam Ydstebø, Kvitsøy

Vara: Bente May Froli Stangeland  
Vara: Einar Berge  
Vara: Lin Veronica Jacobsen  
Vara: Kari Vaage Gjuvslund  
Vara: Tore Johan Prestegård  
Vara: Vibeke Meling  
Vara: Anne Kristine Sæther  
Vara: Ronny Gundersen

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):

Liv Todnem

Vara: Ivar Tangeraas

For dei tilsette:

Trygve Brandal  
Kjersti Moe

Vara: Kjell Gunnar Haraldseid  
Vara: Bernd Elmies

Styret har hatt 4 møte og behandla 18 saker.

Styret har eit arbeidsutval med desse medlemmane: Terjer Hidle, Tormod Skeie, Liv Todnem, Mirjam Ydstebø og Trygve Brandal.

Arbeidsutvalet har hatt 2 møte og behandla 3 saker.

## TILSETTE

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Roy Høibo, direktør  
Sanja Ignjatic, kontorleiar  
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30%)  
Amira Mohamaed Abdalla, reinhaldar (20%), til 31.07  
Mohamed Sayid Ali, reinhaldar (20%), frå 01.08

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar samlingar (80%)  
Bernd Elmies, arkivar (80%)

Kjersti Moe, avdelingsleiar formidling  
Anette Opheim, formidlar  
Janneke Wijergangs, formidlar (80%)

Åshild Vetthus, gruppeleiar folkemusikkarkivet (50%), permisjon til 01.09  
Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40%)

Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga  
Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar  
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80%)  
Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

#### Mellombels stillingar:

Kristine Ese Ur, vikar formidling og samlingar, til 24.01, deretter prosjektmedarbeidar frå 01.12

Marlinn Tveit, lærling bygningsavdelinga

Sveinung Søyland Moen, vikar samlingar og folkemusikkarkiv, til 18.09, deretter påtroppande direktør frå 17.11

Ingvild Hovind, prosjektmedarbeidar arkiv, 30%, frå 01.10

#### Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Arnfinn Olsen, handverkar  
Erik Fossåskaret, foredragshaldar  
Ellen Synnøve Hoftun, julenisse  
Vanja Ignjatic, ekstrahjelp  
Oddbjørn Lie, museumsvert  
Peter ten napel, museumsvert  
Anita Svendheim, museumsvert  
Sjur Førland, museumsvert  
Carolin Sparcholst, museumsvert  
Åsmund Tveitane Selnes, museumsvert  
Peter Tjihuis og Katinka ten Hove, museumsvertar  
Anna Vaage Larsen, museumsvert  
Juil Bellemakers, museumsvert  
Tobias ten Napel, museumsvert  
Marianne Haaland, omvisar  
Kristine Svendheim, omvisar  
Malin Hamre Lien, omvisar  
Hannah Dagsland Schei, omvisar  
Andreas Groven, omvisar  
Peterson Tjihuis, omvisar  
Tim Sparcholz, omvisar  
Tore Dahl Bastlien, omvisar  
Inger Apeland, kokke  
Kaniz Mohammadi, reinhaldar  
Mette Karin J. Moen, reinhaldar  
Øystein Haga, omvisar  
Jan Olav Ommundsen, omvisar  
Siri Dyvik, spelemann  
Ingrid Schei Stuhaug, spelemann

Solgunn Liestøl  
Vegar Vårdal, folkedansar  
Simon hesselberg Løvald, folkedansar  
Mark Laurenson, spelemann  
Alexander Røystrand, spelemann  
Erlend Apneseth, spelemann  
Ingrid heieren, spelemann  
Kristoffer Kleiveland, spelemann  
Margit Myhr, kvedar

#### Praksisplassar

Rwaydo F. Haashi, vår 2014, i samarbeid med Introduksjonstenesta  
Makija M. Ibrahim, haust 2014, i samarbeid med Introduksjonstenesta  
To personar i arbeidspraksis på Internasjonal kafe

Det samla talet på utførte årsverk var i 2014 ca. 15,8.

Sjukefråveret har vore på 2,18% (mot 2,26% i 2012). I tillegg kom fråvær p.g.a. barns sjukdom, men dette reknast ikkje som sjukefråvær. Dette fråveret utgjer 8 dagar.

#### **FELLESTENESTER**

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune 2011) er å etablere fellestenester for samlingsforvaltning.

Det blei alt i 2012 oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert hos Haugalandmuseene, men skal arbeide for alle musea. Stillinga har tilført Ryfylkemuseet auka kapasitet og kompetanse i arbeidet med fotosamlinga.

Det er oppretta tre stillingar for konserveringspersonale. Desse er knytt til Jærmuseet. Teamet har utført registrerings- og katalogiseringsarbeid på Li og Kvitsøy Hummermuseum.

Det var og ein del av planen å opprette ei stilling for bygningsfagleg rettleiar. Denne skulle vera lokalisert ved Ryfylkemuseet, men er førebels ikkje prioritert i budsjetta til fylkeskommunen.

For å styrke samlingsforvaltninga ytterlegare er musea samde om å utarbeide ein felles plan for dokumentasjon og innsamling. Det er oppnådd omfram støtte til dette arbeidet og det er tilsett prosjektmedarbeidar som har base på Museum Stavanger.

#### **FRIVILLIG ARBEID**

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde ”Brødrene af Sand” i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å gjenreise hummarmuseet. Etter brannen i hummarmuseet i 2011 var det behov for eit omfattande oppryddingsarbeid, og seinare supplement av gjenstandsmateriale som gikk tapt i brannen. Medlemmar i vennegjengen deltok også i arbeidet med nymontering av utstillingane.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid i skulemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpt inn til formålet.

Museet drar nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har særleg engasjert seg i arkivbevaring og i arbeidet for vern og bruk av Søndena kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Foreininga Suldalsdampen har tatt vare på M/S Suldal like sidan han gikk ut av drift i 1979. Etter at museet i år har overtatt ansvaret for båten er foreininga omgjort til ei venneforeining som skal hjelpe til med sikring, restaurering, vedlikehald og drift av båten.

I arbeidet med atterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore stor innsats i restaureringsarbeida på Viga, men det har også vore frivillig deltaking i arbeidet med riving av never og i arbeidet med restaurering av løa på Røynevarden.

## **KVALITETSSIKRING**

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Haugaland HMS. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Museet blei i 2008 meldt inn som IA-bedrift. Avtalen blei i år fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga er følgt opp med deltaking på kurs og det er avvikla obligatorisk internsamling for dei tilsette.

For å sikre god dialog og deltaking blir det arrangert personalmøte kvar månad, og eit to-dagars personalseminar kvart år. Det blir til vanleg også gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år. I år gjennomførte vi i staden ei undersøking kalla «Medarbeider Tilfredshet Indikator» i lag med Haugaland HMS. Undersøkinga stadfesta at museet er prega av eit godt arbeidsmiljø.

Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Med


bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet om å legge reviderte planar for ei rekke arbeidsområde ved budsjettøkningen til departementet, er det utarbeidd planar for bygningsverk, dokumentasjon og forskning, nettverk og samarbeidstiltak, formidling, for samfunnsrolla og for ansvars og oppgåvefordeling.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette deltar vi på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innfor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklande aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2014. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

## RAMMEVILKÅR

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjektilskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.v.

Museumsreforma har gitt grunnlag for vekst i årsbudsjetta dei siste åra. Museumsreforma har vore eit statleg program for vidareutvikling av musea. Men vi har også oppnådd auke i driftstilskotta frå Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Grunngevinga for auken i desse tilskotta har dels vore arbeidet med å utvikle eit barnekultursenter (Lølandsenteret), dels ansvaret for drift og vedlikehald av Li. Summen av bokførte driftsinntekter var i 2014 på 14,1 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskotta 11,2 mill. kr. Utviklinga av dei samla inntektene sidan museet blei omgjort til regionmuseum i 1981 har vore slik:





I tillegg til driftsmidlane søker museet om prosjektmidlar for å gjennomføre særlege prosjekt. I 2014 utgjorde prosjektmidlane om lag 1,0 mill. kr. Eigeninntektene utgjorde 1,7 mill, kr., eller om lag 12% av inntektene.

Kulturdepartementet bidrar med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidrar med mindre støtte til drifta. Dei ordinære driftstilskotta frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjør ca. 79% av dei samla inntektene til museet.

Veksten i inntektene har gitt grunnlag for auke i personalet og styrka innsats på mange område det siste ti-året, men Ryfylke er ein stor og mangfaldig del av landet, noe som gjer at oppgåvene alltid er fleire enn det vi rekk å ta i ferde med.

## MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker vi å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forskning og bevaring, dei siste åra omtala som forvaltning og forskning i dokument frå Kulturdepartementet.

### BYGNINGAR

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 77. Det har ikkje skjedd noen endring i storleiken på bygningsmassen dette året. Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

KOMMUNE	STAD	EIGAR	TAL
Forsand	Bergevik	Grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	1
	Kvæstad	Sjølv	2
	Ritland	Grunneigarane	4
	Kolbeinstveit	Sjølv	16
	Øystad	Grunneigarane	2
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
Sauda	Hustveit	Sjølv	11
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	2
Kvitsøy	Grønningen	Kvitsøy kommune	1
<b>SUM</b>			<b>77</b>

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadsfunksjonar og eit bygg for lager- og verkstadsfunksjonar på Sand.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvaltning av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnskapen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioriterte arbeidsoppgåvene.

Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne var dårlegare enn vi tidlegare hadde rekna med, og det er blitt avdekket eit

stort etterslep på vedlikehald. Vi ser også at endring mot eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Vi har deltatt i ei referansegruppe for Kulturrådet i eit arbeid med ein metode for prioritering av bygningar. Metoden skal vera ei hjelp til eit systematisk vedlikehald, og til vurdering av eventuelle behov for avhending av bygningar. Etter oppfordring frå Kulturrådet søkte vi om omframme midlar til å gjennomføre ei slik prioritering i 2015, men midlane til formålet blei trekt tilbake etter at utlysinga og søknadsskrivinga var gjennomført.

Vi er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har vi arbeidd for å styrke merksemda om bygningsvernet på musea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildelingane frå Kulturdepartementet. Det er nå vald eit arbeidsutval som skal hjelpe oss med drifta av nettverket.

## **FARTØY**

Museet eig 12 mindre båtar, Ryfylke-jekta ”Brødrene af Sand” og passasjerskipet «Suldal».

Veneforeininga for ”Brødrene af Sand” har også i 2014 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Jekta har vore ute på 10 tokt i 2014, noen av desse med fleire seglasar, t.d. som sjørøvarskute under Ryfylkedagane. Den største turen i år, og den lengste som er gjennomført med fartøyet etter at Ryfylkemuseet overtok det, var deltaking i grunnlovsseilassen til Oslo juli. Veneforeininga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag. Det er behov for utskifting av masta og eit større vedlikehaldsarbeid på dekket. Dette er det oppnådd støtte til, og det er bestilt verftsplass i 2015.

Etter å ha gjennomført eit større arbeid for å klargjera føresetnadane for overføring av eigarskapet og forvaltninga av M/S Suldal frå Foreininga Suldalsdampen til museet kunne skipet overførast til museet i april. Hausten 2014 sette Statnett i gang med bygging av erstatning for eksisterande slipp, og vi reknar med å ha finansiert eit overbygg for skipet slik at det kan sikrast mot vidare forfall. Dette er planlagt reist i 2015. Utfordringa frametter blir å finansiere omfattande restaureringsarbeid før skipet kan settast på vatnet att.

## **GJENSTANDAR**

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

KOMMUNE	STAD	TAL GJEN- STANDAR	AV DESSE		
			REGIST- RERT	KATALO- GISERT	KAT. I PRIMUS
Forsand	Forsand b.mus. (D) <sup>1</sup>	700	0	640	0
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga (D)	2 192	2 192	2 192	2 170
	Hjelmeland b.mus. (D)	1 688	1 348	1 348	1 346
	Årdal b.mus., Høiland <sup>2</sup> (D)	591	225	229	210
Suldal	Håland	854	854	854	854
	Jelsa skulemuseum	67	0	0	0
	Sand <sup>3</sup>	2 479	2 479	1 807	1 807
	Kolbeinstveit	1 211	1 211	1 211	1 211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
	Li (D)	1 119	1 119	1 119	1 119
Sauda	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	489	539
	Sauda museum	1 227	1 227	186	186
Finnøy	Finnøy bygdemu- seum (D)	1 700	1 669	1 669	0
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
	Mosterøy b.mus.	455	455	0	0
Kvitsøy	Hummermuseet (D)	524	524	524	524
Magasinet Åmøy <sup>4</sup>	Åmøy	3 084	3 084	3 084	3 084
<b>SUM</b>		<b>20 135</b>	<b>16 834</b>	<b>14 768</b>	<b>12 466</b>

Det har i 2014 vore ein tilvekst av 51 gjenstandar. 19 gjenstandar er samla inn på Kvitsøy til erstatning for tapte og brannskadde gjenstandar etter brannen i hummarmuseet. 32 andre gjenstandar er gåver frå ulike gjevarar. All tilvekst er fortløpande katalogisert i Primus med foto.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

<sup>1</sup> D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigeomsretten ligg hos den respektive kommunen eller grunneigar.

<sup>2</sup> Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårleg tilstand.

<sup>3</sup> I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

<sup>4</sup> Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

## NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom kjøpet av Li har Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune fått hand om både bygningar, innmark og utmark. Museet har tatt på seg eit ansvar for forvaltning og drift av bygningane, men det er uklart kven som skal ha ansvaret for skjøtsel av kulturlandskapet.

## FOTO

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel vel 105.000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, egne opptak og gjenstandsfoto.

### FOTO VED RYFYLKEMUSEET

	Tal foto	Av desse digitalisert
<b>Kulturhistoriske foto</b>		
Repro frå Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy	8 318	8 318
Digitale kopiar av innlånte originalfoto	764	764
Originalfoto	3 237	1 042
<b>SUM</b>	<b>12 319</b>	<b>10 124</b>
<b>Spesialsamlingar</b>		
Alice Archer	633	633
Julius Bårdsen	4 100	491
Heradsskogmester Kveim	2 429	
Gartnerhallen	1 242	
Widerøes Flyveselskap	1 035	413
Suldalsposten	11 658	
Bygningsvernprosjektet	5 177	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå ide til næring	519	
Finn Johannesen	10 000	231
Suldal reiselivslag	2 461	
Suldal reiselivslag, dig. Foto	5 063	5 063
Lise Bjelland	431	431
Suldal foto	554	554
<b>SUM</b>	<b>45 832</b>	<b>7 816</b>
<b>Eigne opptak</b>		
Svart-kvitt film	8 191	500

Fargefilm	386	
Dias	10 075	500
Digitale foto	20 057	20 057
SUM	<b>38 709</b>	<b>21 057</b>
<b>Gjenstandsfoto</b>		
Svart-kvitt film	3 952	3 000
Dias	5 398	3 893
Digitale foto (originale)	1 942	1 942
SUM	<b>11 292</b>	<b>8 835</b>
<b>TOTALSUM</b>	<b>108 152</b>	<b>47 832</b>

Vi har om lag 30 000 kulturhistoriske foto frå Ryfylke. Ein del av desse er reprofoto, avfoto-  
graferingar av eldre bilde som er lånte inn frå eigarane av bilda. Museet har hatt slike fotoak-  
sjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med nega-  
tivar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i  
database i programmet Primus. Alle desse reprobilda er digitaliserte. Andre viktige samlingar  
er samlingar etter Alice Archer, Julius Bårdsen og Finn Johannesen.

I 2014 har vi registrert ein tilvekst på 240 kulturhistoriske foto. 219 er analoge foto ( papirbil-  
de), 21 er digitale kopiar. Det er også tilvekstført 126 digitale gjenstandsfoto.

Av egne opptak er det tilført 2 272 digitale dokumentasjonsfoto. Mange er frå arrangement  
ved museet, og andre dokumenterer bygningar og arbeid som bygningsavdelinga har utført.

Samla tilvekst av foto i 2014 var 2 638 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 907 analoge foto i fotoarkivet.

Etter kvart som fotosamlinga blir digitalisert kan heile eller delast av samlinga gjerast til-  
gjengeleg på internett. Vi legg ut foto på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske  
museum, [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no). Ved utgangen av 2014 hadde vi 7 418 foto publisert på  
Digitalt Museum samt 3 348 katalogpostar for museumsgjenstandar. Ei tematisk nettutstilling  
om Archer-samlinga ligg likeeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland,  
[www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillinger/alicearcher](http://www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillinger/alicearcher). Det ligg lenke til desse nettsidene  
på heimesida til Ryfylkemuseet.

## VIDEO OG FILM

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 160 nummer. Av desse er 55 videoopptak som  
gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smalfilmar, og av resten er fleirtalet opptak  
som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles.

## LYDOPPTAK

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1099 nummer inklusive opptaka i folkemusikkar-  
kivet. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kassetar, DAT-kassetar,  
minidisk og digitale lydfile. Noko over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne

av, men teksten er ikkje lagt i nokon form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Alle lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitalisert.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddiskopptakar og materialet blir lagra på server som digitale lydfiler. Det er ei utfordring å sikre tidlegare opptak som er gjort på ulike typer band.

## **PRIVATARKIV**

Privatarkivsamlings ved Ryfylkemuseet omfattar 176 arkiv. Desse er av svært ulik storleik, frå fleire hyllemeter til nokre få dokument. Noko av materialet er ferdig ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 85 hyllemeter.

Tilveksten i 2014 var på 6 privatarkiv. Dei største var etter handelsmannen Thore Underbakke, Sand, stortingsmann Lars Jelsa og Stiftinga Rasmus Løland-markeringa.

Det nye museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

## **DIGITALT ARKIV**

Som ein forstår er det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om vi skal få det til innafor dei ordinære driftsmidlane.

Det digitale arkivet blir sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som vi har med Kultur IT på Lillehammer.

## **BIBLIOTEK**

Det er i 2014 registrert ein tilvekst på 17 bøker. I tillegg kjem ein del årbøker som vi får tilsendt gjennom bytesamband.

## **DOKUMENTASJON OG FORSKING**

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. I 2014 er arbeidet med bygdebøkene for gamle Jelsa kommune fullført. Eitt band Jelsa-historie blei utgitt i 2010. Band to blei lansert i desember 2013. Det siste bandet i juni 2014. Arbeidet held nå fram med bygdebøker for gamle Suldal kommune.

På oppdrag frå Hydro Energi arbeider vi med ei jubileumssoge som skal vera ferdig til det i 2015 vil vera 50 år sidan første turbinen blei sett i drift i Røldal Suldal Kraft.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

# MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Suksessen til musea blir ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

## VITALISERING AV PUBLIKUMSTILBODET

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen. Men vi ser samtidig at publikum stiller stadig større krav til eit aktivt programtilbod for at det skal vera attraktivt å besøke museet. Det vil gå fram av omtalen nedanfor at vi har lagt stor vekt på å komma dette behovet i møte.

Etter avtale med den nå oppløyste stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeide for etablering av eit senter for nynorsk barnekultur og –litteratur i tilknytning til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 har det vore arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løyvingane, frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010, og vi kunne våren 2011 opne ei utstilling basert på forteljninga om ”Kvitebjørnen” i tilknytning til markeringa av at det i 2011 er 150 år sidan dikteren blei født.

Frå 2012 har Kulturdepartementet gitt eit driftsilskott som har gitt grunnlag for styrking av den bemanninga som arbeider med oppgåvene. Dette har gjort at tilbodet om aktivitetar, programtiltak og undervisningstilbod har auka monaleg.

## UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse temautstillingane i meldingsåret:

01.01-31.12	<i>BibMus</i> , permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg
01.01-31.12	<i>Garden og folka</i> , permanent utstilling på Kolbeinstveit
01.01-31.12	<i>Stader i Ryfylke</i> , permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue
01.01-31.12	<i>Stavkonstruksjonen</i> , permanent utstilling på Hustveit
01.01-31.12	<i>Garden og folka</i> , permanent utstilling på Hustveit
01.01-31.12	<i>Kvitebjørnen</i> , utstilling for barn, Nesa-sjøhuset, Sand
01.01-31.12	<i>Skog og sagbruk</i> , permanent utstilling, Hustveit
01.01-31.12	<i>Lekmannsrørsla og bedehusa</i> , Bethel, Finnøy
01.01-31.12	<i>Kulturlandskapet</i> , utandørsutstilling, Hustveit
01.01-31.12	<i>Mitt Ryfylke</i> , Nesasjøhuset, Sand
01.01-31.12	<i>Frå teine til fat</i> , Kvitsøy Hummermuseum
01.01-31.12	<i>Fiske året rundt</i> , Kvitsøy Hummermuseum
01.01-31.12	<i>Båten og motoren</i> , Kvitsøy Hummermuseum
20.06-17.08	<i>Krossåkle i Suldal</i> , Kolbeinstveit



Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

Hjelmeland bygdemuseum – tysdag-fredag (heile året)  
Skulemuseet på Jelsa – søndag  
Nesasjøhuset, Sand – heile veka (vintersesongen ope på kvardagar)  
Kolbeinstveit – heile veka  
Li-tunet – laurdag-tysdag + ein del søndagar i skuldarsesongane  
BibMus, Rennesøy – heile året i oppningstidene til biblioteket  
Hummarmuseet, Kvitsøy – laurdagar og søndagar + søndagar i hummarsesongen

Stader der det ikkje er faste opningstider har det vore arrangert aktivitetsdagar (sjå meir om dette nedanfor) og omvisingar for grupper.

## ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknytning til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. I 2014 har vi hatt desse arrangementa:

Utstillingsopningar				2
Gatevandringar				13
Tokt med "Brødrene"				10
Foredrag				45
Årsmøte				2
Konsert				5
Familiedag/aktivitetsdag/leikedag				12
Forteljarforestilling/lesestund				21
Opplegg for skular og barnehagar				8
Internasjonal kafe				7
Andre arrangement				16
<b>SUM</b>				<b>141</b>

## BARN OG UNGE

Museet fekk gjennom driftstilskotta frå og med 2012 særlege ressursar til å utvikle tilbodet til barn og unge. Tilskotta hadde bakgrunn i søknadar om midlar til å realisere ideen om eit barnekultursenter, som var eit av måla til Stiftinga Rasmus Løland-markeringa (2007-2011). Arbeidet har ført til ein markert auke i tilbodet til denne målgruppa. Omlag 1/3 av dei arrangementa som er rekna opp ovanfor er retta mot barn. Vi har særlege tilbod til barn i alle skuleferiar.

Det er utarbeidd undervisningsopplegg for fleire av anlegga til museet.

Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og det var også i år eit stort innslag av barn og unge på dei ulike kursa.

Formidling til barn og unge inngår i programmet for bruk av byggeplassane våre som lærea-renaer. Vi har i år hatt skulebesøk på Røynevarden og i Viga, og vi har deltatt på yrkes- og utdanningsmessa i Sauda.

Det var fullt hus på nissekveldane som blei arrangert på Kolbeinstveit, Viga og Hustveit før jul. Dette er arrangement der forteljing er ein viktig del av programmet.

## TURISTINFORMASJON

På oppdrag frå Suldal vekst har vi drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein ”vinn-vinn-situasjon” der begge partar har fått eit større publikumstilbod for dei same pengane som tidlegare blei brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meir besøk på museumsanlegget på Sand.

## BESØK

Statistikken for publikumsbesøk i 2014 samanlikna med tala for 2013 ser slik ut:

STAD	2013	2014
Forsand bygdemuseum	85	
Viga	292	479
Hjelmeland bygdemuseum	178	108
Håland	175	231
Jelsa skulemuseum	340	656
Nesa-sjøhuset	5 554	4 832
Kolbeinstveit	1 302	1 630
Røynevarden	161	104
Li	506	417
Kvednahola	5	
Hustveit	2 187	1 224
Industriarbeidarmuseet	105	245
Bakken	56	5
BibMus	750	750
Finnøy bygdemuseum	0	
Betel, Finnøy	746	915
Kvitsøy Hummermuseum	1 884	2 079
Brødrene af Sand	508	633
<b>Sum museumsanlegg</b>	<b>14 709</b>	<b>14 308</b>
Eksterne arrangement	2 513	1 785
Suldalsdampen	0	
Turistinformasjon	3 332	2 564
<b>Sum publikum</b>	<b>20 679</b>	<b>18 657</b>

I tillegg til dei tala som kjem fram her kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene. På Hustveit er det installert automatisk teljing av dei besøkande i døra til låa. Det oppgitte talet er justert i forhold til mulege feilkjelder.

Vi har ikkje nådd målet om å auke besøkstalet, men gler oss over at besøket på museumsanlegga er som i fjor trass ein sommar som vermessig ikkje la til rette for stort museumsbesøk. Det er nedgangen i eksterne arrangement og besøk i turistinformasjonen på Sand som gir tilbakegang i det samla besøket frå året før.

Ser vi oss tilbake ser vi at totalbesøket har ligge på i over- eller underkant av 20.000 sidan 2010. Vi har hatt ein ambisjon om å auke besøket ut over dette, men ser at det er vanskeleg å få til. Der vi lukkast best er der vi har eit oppdatert og aktivt tilbod, som t.d. på Kvitsøy Hummermuseum og på Kolbeinstveit. Det gode besøket i bedehusutstillinga på Kvitsøy skuldast at ho går inn i eit organisert turopplegg.

## **DIGITALE MEDIA**

Auka bruk av tilbodet vårt på elektroniske media kompenserer noe av tapet i besøket på avdelingane. Besøket på vår avdeling i Digitalt Museum var i 2014 på 1097 sidevisingar. Her har vi liggande 7 418 fotografi, 3 348 gjenstandar og 3 digitale forteljingar.

Vi brukar heimeside og Facebook aktivt for å gjera kjent smått og stort om det vi driv med. Det er over 600 som følgjer oss på Facebook og vi har over 30.000 treff på heimesida.

Vi er aktive på handverksbloggen [hyvelbenk.wordpress.com](http://hyvelbenk.wordpress.com) og bloggen til Norsk Skottbenk Union: [skottbenk.wordpress.com](http://skottbenk.wordpress.com).

Kvar månad har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendebrev. Dette hadde på slutten av 2014 i overkant av 300 ”abonnentar”.

Vi er inkludert i eit opplegg for informasjon gjennom ein applikasjon for mobiltelefon som Reisemål Ryfylke har lansert

## **ANDRE PUBLIKUMSTENESTER**

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innafor bygningsvern. Oppdragsgjevarene er både kommunar og privatpersonar.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Tilgjengeleggjering av samlingane våre på Digitalt Museum genererer etterspurnad etter kopiar av bildemateriale.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter materiale til verksemda si, og som, på visse vilkår, kan få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nytt stoff.

## **PUBLIKASJONAR**

I 2014 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

- Drange, Ernst Berge: *Jelsa – gardar og folk III*, Suldal kommune
- Drange, Ernst Berge: *Norwegians in New-Netherland in the 1620s and 1630s*, artikkel i «de halve Maen», Magazine of the Dutch Colonial period in America, Manhattan, New York City
- Høibo, Roy: *Insight – The book about Ryfylke Museum*, Ryfylkemuseet

## **TAKK**

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Sand, 24. februar 2015

Terjer Hidle  
Styreleiar